

Referat frå møte i SMU, skulemiljøutvalet, ved Leikanger barneskule tysdag 9. mars 2021.

Desse møtte: Markus, Siri Randen, Monica Wathne Tufte , Siv Anette Slinde Thorsnes, Anita Instefjord og Ivar Husum.

Saker:

1. Orienteringssaker.

Rådmannbesøk: Rådmannen kjem på besøk 10.3, kl. 12-15. Ho skal delta på ein songsamling, skal på SFO og i Holerunnane og skal snakke med personalet.

Rådmannen skal sjå korleis vi har det her på skulen og verte kjend med oss.

Elevrådsrepresentantane Markus, Christian og Bjørnar skal møte ho og snakke med ho. Dei har hatt møte med Ivar i dag. Grunna koronarestriksjonar kan ikkje rådmannsbesøket gå føre seg slik det elles ville ha gjort – med besøk i alle klassane.

Konkurransen minecraft: 6.klasse og 4A gjekk vidare i minecraftkonkurransen og skal konkurrere mot dei andre utvalde frå resten av Sogndal kommune. Markus informerer om kva dei har gjort og kva dei tenkjer vidare. Adm. har noko på lur til alle deltakarane.

6.klasse har hatt besøk av politiet: Tema har vore nettvett. Det vart snakka om aldersgrenser og hacking.

Innspel Markus: Ziplina blir etterspurd. Adm. orienterer om at det vart støypt før jul, men leveringstida vart noko lenger enn venta. Det trengst meir massar til påfyll, og dei held fram med arbeidet

2. Korona vidare. Kohortoppdelinga i friminutta.

Lokale tiltak held fram, skulen er per dags dato på gult nivå. Vi reknar med å måtte halde fram utetter våren med kohortinndeling og andre tilpassingar

3. Elevundersøkjinga frå desember 2021. Monica informerer. Rapporten er lang. Det er verd å merka seg at resultatane er meir positive på område der det har vore jobba ekstra dei siste åra. Vi er stolte av at dei fleste elevane våre ser ut til å trivast så godt, men skulen kan sjølvsagt ikkje vere heilt nøgde sidan ikkje absolutt alle har svara at dei trivst og har nokon å vere saman med. Det jobbar vi med. Vurdering er eitt av områda der vi ikkje scorar så godt som vi skulle ynskje. Vi har sett opp vurdering på utviklingsplanen vår, i samband med fagfornyinga, for neste skuleår. Toalettilhøva kjem også dårleg ut. Etter å ha teke dette opp i klassane, viser det seg at det går på det estetiske - at det er linoleum framfor fliser, fargeval osv. Når det er skikkeleg kaldt ute om vinteren, kan det vere litt for kaldt på toaletta. Det kan vi kanskje prøve å få gjort noko med. Skulen pussa opp toaletta for eit par år sidan, så det vert nok ei stund til dei vert tekne att.

4. Ymse. Det var ikkje saker under ymse.

Ivar Husum,
ref.